

Saksbehandlar: Adrian Husabø Bjørseth, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 18/9013-1

## **Endring retningslinjer kommunale næringsfond frå 2019**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Følgjande formulering vert innarbeidd i retningslinene for kommunale næringsfond: «Ved særskilte høve kan ein gjere mindre avvik frå grensa på 2 mill. kr. gitt at tildelinga fortsatt er gjort i tråd med intensjonane til ordninga.»
2. Referansar til retningslinene frå KMD vert tekne bort

### **Vedlegg:**

1. Framlegg til retningslinjer for kommunale næringsfond gjeldande frå 2019

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Retningslinene for kommunale næringsfond vart først vedtekte av dåverande hovudutval for plan og næring i juni 2012. Retningslinene har vore revidert både i 2014, 2015, 2017 og no seinast frå 2018. Endringane har gått ut på mindre korrigeringar i språk og omgrep, oppdateringar som følgje av endringar i retningslinene for midlar frå kommunal og moderniseringsdepartementet samt justering av satsane for stimuleringstilskot.

Som kriterium for tildeling av midlar til dei kommunale næringsfonda har ein sagt at kommunen ikkje kan ha kraftinntekter på meir enn 2 mill. kr. Balestrand har dei siste åra hatt kraftinntekter som ligg rett over grensa. I saksframlegga har ein argumentert for at Balestrand likevel skal få tilført midlar til kommunale næringsfond då avstanden opp til den kommunen som har meir er stor og at dei ligg rett over den fastsette grensa.

Ved desisjon av møtebøkene for 2017 har forvaltningsrevisor peikt på at ein ikkje har dekning i retningslinene til å gjere ei slik vurdering basert på skjøn. Fylkesdirektøren tilrår i denne saka å legge inn ei formulering i retningslinene som gjer det mulig å, i særskilte høve, avvike frå den fastsette grensa på 2 mill. kr.

Fylkesdirektøren tilrår i denne saka også å fjerne referansar til KMD sine retningslinjer frå retningslinene for kommunale næringsfond då desse er innarbeidd i eigen forskrift.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Føremålet med å løyve midlar til dei kommunale næringsfonda er at midlane skal ut til etablerarar og næringslivet for å skape fleire arbeidsplassar, og vi meiner at dei som sit tettast på næringslivet vil ha dei beste føresetnadane til å følgje opp etablerarar og småbedrifter. Det er stor skilnad på aktiviteten i dei ulike kommunane i fylket og i mange tilfelle er dei kommunale næringsfonda det einaste kommunane har til å støtte etablerarar og små bedrifter.

Balestrand har dei siste åra hatt kraftinntekter rett over grensa på 2 mill. kr (2,019 mill. kr. i 2017). Den neste kommunen som hadde meir kraftinntekter enn Balestrand 2017 var Bremanger som hadde 5,080 mill. kr. altså vesentlig meir. Vi har difor, i tildelingssakene for 2017 og 2018, argumentert for at ein bør tildele Balestrand midlar då dei ligg så tett på grensa og at neste kommune ligg vesentleg høgare.

Denne vurderinga meiner vi er godt grunngjeven i saksutgreiinga, men ser at ein ikkje har formell dekning for det gjennom retningslinene for tildeling av midlar.

Det er viktig at retningslinene for fordelinga av midlane til dei kommunale næringsfonda gjer rom for å fordele midlane på ein fornuftig måte. Ved å opne for å avvike frå grense på 2 mill. kr. meiner vi at vi vil bli i betre stand til nettopp det.

Frå 2018 vart retningslinene frå KMD innarbeidd i eigen forskrift. Det er fleire plassar i retningslinene for kommunale næringsfond referert til KMD sine retningsliner. Fylkesdirektøren tilrår i denne saka difor å fjerne referansar til KMD sine retningsliner frå retningslinene for kommunale næringsfond.

#### **4. Konklusjon**

Fylkesdirektøren sine framlegg til endringar går fram av vedlegg 1, samt fjerne referansar til retningsliner frå KMD. Vi har merka alle endringar med gult slik at det er lett å sjå kva som er endra.